

**Fra:** Helene Frimannslund (hfrimann@online.no)

**Sendt:** 20.03.2017 16:47:41

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Kopi:**

**Emne:** Klima - og miljøprisen 2017

**Vedlegg:**

Matsvinn er eit stort klimaproblem som fortener langt større merksemd. Det er særleg ein einskild person som utmerker seg i regionen med eit flammande engasjement for å sette søkelyset på dette!

Eg vil svært gjerne nominere kommunikasjonssjef Mette Nygård Havre frå renovasjonsselskapet BIR som kommuniserer og engasjerer breitt og ustøppeleg rundt matkasting både inn mot bedrifter (som Klimapartnere-nettverket) og privatpersonar. Ho brukar både si rolle på ein forbilledleg måte, både som ansatt i i leiargruppa i BIR, som fagperson på kommunikasjon, som einskild person og som mor for å formidle budskapet om at matsvinn må halverast innan 2030. Ho engasjerer både store og små og har ei imponerande kontaktflate langt utover både verksemd, regionsgrenser og langt utover det ein kan forvente av ein einskild person. I tillegg til å halde ei mengd presentasjonar for å auke kunnskapen har ho til dagleg nærkontakt med publikum gjennom nettstaden "Spis opp maten". Ho har deltar stadig med skriveinnlegg i media og deler hyppig eksempel til etterfølging på sosiale medier. Ho engasjerer og motiverer til handling:

Nokre ytterligare eksempel:

- \* Ho har deltatt på NRK- debatten for å sette søkelys på dei store utfordringane vi har med inntil 3 millionar høner som vært kasta årleg i forbindelse med eggproduksjon.
- \* Ho er stadig i dialog med produsentar for å få endra på "best før"- merking til "best før, men ikkje dårleg etter"
- \* Ho var nyleg med i God Morgen Norge for å sette fokus på eit breitt spekter av tiltak som gjeninnføring av restemat, emballasjereduksjon og det å bruke sansane for å vurdere om mat er gått ut på dato.
- \* Ho har egenhendig starta underskriftskampanje for å få dagligvare til å tilby "snål- frukt og grønt" i sitt utvalg ( som ellers vil bli kasta) og innføre redusert pris på matvarer som nærmar seg utløpsdato
- \* Ho heiar raust fram ei mengd entreprenører i regionen som jobber med dette som TooGoodTooGo , Ubamboo, gjenbruksbutikker & second hand, Råvarene og mange fleire.

Eg trur ved å gi Mette prisen vil ein vise kor mykje eit brennande engasjement, ståpåvilje i kombinasjon med sterk fagkunnskap på kommunikasjon kan være med å påvirke langt utover små sirklar!

Sendt fra min iPhone